

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 09.04.2019

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag i sak RS 13/19 – Notat om gartnarundervisninga ved Voss vidaregåande skule:

«Tillegg:

Viser til at tilbodet skal vidareførast i det kommande skuleåret, men at fylkesrådmannen skal vurdere lokaliseringa av dette tilbodet ved etableringa av Vestland fylkeskommune. Utvalet ber om at fylkesrådmannen samtidig ser de ulike tilboda og planane i ein større og meir heilhetleg samanheng. «

Røysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Elizabeth Toft Erichsen (V) stilte spørsmål ved kvifor sak RS 27/19 i møte utval for miljø og samferdsel den 10.04.2019 – vedkommande skuleskyss til elevar i Masfjorden, ikkje var sett på dagsordenen til dagens møte i utval for opplæring og helse. Seksjonsleiar Birte Andersen Haugen svarte på spørsmålet. Skyss tar sikte på å ha ei løysing med skuleskyss som kan bli sette i verk frå den 01.04.2019.

Rosalind Fosse (FrP) ønska at medlemane i utval for opplæring og helse, skulle få tilsendt meir informasjon, dersom det var saker til møte i utvalet som var særskilt aktuelle og som til dømes utvalsleiar hadde fått tilsendt informasjon om.

Tor Andre Ljosland (KrF) stilte spørsmål angåande antall elevar ved Hjeltnes produksjonsskule. Kva er minste antall elevar ved skulen? Kor mange elevar har skulen kapasitet til/høgste antall elevar? Kan elevar frå heile landet søkje seg til Hjeltnes produksjonsskule? Kva kan gjerast for å få fleire ungdommar inn på denne skulen? Fylkesdirektør opplæring svarte.